



Wilhaven familiebarnehage
Veråsvegen 68
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1192 - 15/31517

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
12.11.2015

Vedtak om godkjenning av Wilhaven familiebarnehage.

Vedtak:

Wilhaven familiebarnehage vert godkjent etter Lov og barnehage § 11 Familiebarnehager. Godkjenninga er ei stadfesting av tidlegare godkjenning etter Lov om barnehage.

Wilhaven familiebarnehage har eit godkjent leike- og opphaldsareal på 74 m². Barnehagen er godkjent for maksimalt 10 barn over 3 år som er til stades samstundes. Er fleirtalet av barn under 3 år, må talet reduserast.

Rettleiande arealnorm for barns leikeareal inne er 4 kvadratmeter netto per barn over 3 år og 5,3 kvadratmeter netto per barn under 3 år. Utearealet i barnehagen bør vere om lag seks gangar så stort som leike- og opphaldsarealet inne.

Rådmannen legg til grunn at Wilhaven familiebarnehage vert driven etter dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld for barnehagedrift.

Orientering om enkeltvedtak:

Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Enkeltvedtak kan klagast på. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen de får dette brevet. Klagen skal stilast til Lindås kommune v/ Astrid N. Sylta, og den må grunngjevast. Får de ikkje medhald eller delvis medhald ved ny handsaming, vert klagen sendt til endeleg avgjerd hjå Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Wilhaven familiebarnehage

Veråsvegen 68

5955

LINDÅS